

Møtereferat

Dato: 31.08.2015

Emne:	Referat RMNF-AU, 26.08.2015	
Til stades:	Anita Garlid Johannessen, leiar Harald Norheim, nestleiar Ingeborg Borgen Takle, rådgjevar	
Forfall:		Sak: 2014/558-152
Møtetid:	09:30-11:00	Møtestad: Fylkesutvalssalen, fylkeshuset

Møteleiar: Anita Garlid Johannessen
Referent: Ingeborg Borgen Takle

Sak 13/15 Nye heimesider for Hordaland fylkeskommune

Kommunikasjonsavdelinga har kome godt i gong med arbeidet med dei nye heimesidene. Dei har vore inne tidlegare på eit rådsmøte og informert om prosessen. På AU-møtet kom kommunikasjonsavdelinga for å informere om kor dei er nå, og med eit spørsmål om rådet ønskjer ein orientering.

VEDTAK

Arbeidsutvalet vedtek å be om ein orientering på neste rådsmøte.

Sak 14/15 Areal- og transportplan for Bergen – høyringsfrist 1. oktober

Rådet har fått førelagt Areal- og transportplan for Bergen med høyringsfrist 1. oktober.

VEDTAK

Arbeidsutvalet vedtek å sette opp saka på neste rådsmøte.

Sak 15/15 Årstad vgs – nytt bygg

Administrasjonen har sendt ein førespurnad til eigdomsavdelinga angående dette nybygget på vegne av rådet, men har ikkje fått nok svar.

VEDTAK

Arbeidsutvalet ber administrasjonen om å purre på eit svar.

Sak 16/15 Tilskotsordningar kultur

Førre møte vart det bedt om å få ein munnleg orientering frå kulturavdelinga angående tilskotsordningar. Kulturavdelinga har stadfesta at dei kan stille.

VEDTAK

Arbeidsutvalet er nøgd med at kulturavdelinga stillar med orientering på neste møte.

Sak 17/15 Tilpassa opplæring

Førre møte vart det bedt om å få ein munnleg orientering frå opplæringsavdelinga angående tilpassa opplæring og kvifor dette tilbodet ikkje er på alle skular. Opplæringsavdelinga har stadfesta at dei kan stille.

VEDTAK

Arbeidsutvalet er nøgd med at opplæringsavdelinga stillar med orientering på neste møte.

Sak 18/15 Årsmelding 2015

Harald Norheim har skrive eit utkast til årsmelding for 2015. Det er tenkt som grunnlag til årsmeldinga som eigentleg skal skrivast av det nye rådet.

VEDTAK

Arbeidsutvalet vedtek at *Årsmelding 2015* skal opp på neste rådsmøte som politisk sak med slikt forslag til vedtak:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek følgjande som utkast til årsmelding 2015: *I forbindelse med oppstart/bygging av nye fylkeskommunale bygg er det svært viktig at en får tidlig vite om disse og anledning til å komme med innspill. I forbindelse med oppstart av bygging av ny skole på Voss ba rådet om å få en orientering om prosessen. Bakgrunnen for dette var at rådet fikk sent tilgang til planene og derved kort tid til å komme med innspill. I dette møtet kom det frem at innspill måtte komme før en hadde inngått kontrakt. Dette fordi endringer som kommer etter kontraktskriving kan medføre forsinkelse i prosjektet. At endringer etter kontraktinngåelse vil utløse større kostnader er sikkert. Dette gjør at det er svært viktig for RMNF å få tilgang til planene så tidlig som mulig, helst på skissestadiet.*

Pedagogisk arkitektur er et annet dokument som viser at det nytter å komme i dialog med eier av prosjekt på et tidlig tidspunkt. Etter et møte mellom utdanningsavdelingen og RMNF ble det fra vår side pekt på ting som burde endres på. Dette ble lovet og det gikk ikke mange dagene før endringene ble tatt inn i dokumentet. Det synes lettere å kunne gjøre dette når det er Fylkeskommunen som er eier. Likevel er det viktig med toveis kommunikasjon.

På samferdselssektoren er det endringer fra Fylkesveg til kommunal veg som kan skape utfordringer. I denne forbindelse er det viktig at kravet om universell utforming ikke blir svekket. Dette har RMNF tatt opp i eget skriv forut for fylkestinget i juni, noe som medførte at det ble gjort vedtak som samsvarer med RMNF sine ønsker. Igjen et bevis på at det nytter når en får kjennskap til saken tidlig nok og politikerne i rådet tar det videre i politiske fora.»

Sak 19/15 Saker rådet meiner må ha fortsatt fokus

Rådet har arbeida med ulike saker denne perioden, og det vore fint med ein gjennomgang av kva som framleis bør ha fokus. Forslag frå arbeidsutvalet er kultur, med fokus på ombyggingar og ledsagarar. Krav for å få tilskot frå fylkeskommunen.

VEDTAK

Arbeidsutvalet vedtek å sette *Saker rådet meiner må ha fortsatt fokus* opp som ein politisk sak på neste rådsmøte.

Sak 20/15 Overlevering av kompetanse til neste råd

Arbeidsutvalet meiner det er viktig at det neste rådet får ein god innføring så tidleg som mogleg slik at dei kan gjere eit godt arbeid. Blant anna ved at leiar informerer om det arbeidet som er gjort på det første møtet og at rådsmedlemene får god politikaropplæring. Gjerne den same som fylkestingspolitikarane.

VEDTAK

Arbeidsutvalet vedtek å sette *Overlevering av kompetanse til neste råd* opp som politisk sak på neste rådsmøte.

Sak 21/15 Budsjett 2016, for rådet og fylkeskommunen

Dei to neste møte i rådet er 7. september og 6. november. På rådsmøtet 6. november vil rådet ha moglegheit til å kome med innspel til budsjettarbeidet, men det er og første møtet for det nye rådet så det kan vere ein fordel om noko av arbeidet er gjort på førehand.

VEDTAK

Arbeidsutvalet vedtek å sette Budsjett 2016, for rådet og fylkeskommunen opp som politisk sak på neste rådsmøte. Arbeidsutvalet vedtek å innstille til at rådet søker om 400 000 kr til rådet sitt arbeid. Arbeidsutvalet ber og om å få ein statusrapport for arbeidet med universell utforming i fylkeskommunen.

Sak 22/15 Justering av transportordning for funksjonshemma – retningslinjer

Arbeidsutvalet observerte at samferdselsutvalet skal fremja ein sak om transportordninga for funksjonshemma til SAMU 11.11. Rådet er uroa for at saka kjem på eit tidspunkt der rådet ikkje har moglegheit til å komme med uttale og at saka vert fremja utan at rådet er informert.

VEDTAK

Arbeidsutvalet ber administrasjonen om å undersøkje kva som skjer med saka.

Sak 23/15 Avslutning for sittande råd

Arbeidsutvalet ønskjer å markere avslutninga for sittande råd.

VEDTAK

Arbeidsutvalet vedtek at rådet skal avslutte neste rådsmøte med lunsj på Jacob Aalls kl 12:45.